



Høyanger kommune
Postboks 159
6991 HØYANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ove Midtbø, 5764 3176

Oversending - klage - Høyanger kommune - innsyn etter offentleglova - klasselister - FAU Høyanger skule

Vi syner til vedlagde e-post med vedlegg frå FAU-leiar ved Høyanger skule, Jeanette Walsvik, 14.12.2022. Eposten gjeld klage på manglande innsyn i klasselister hos Høyanger kommune.

Statsforvaltaren er klageinstans i saker om avslag på krav om innsyn etter offentleglova, jf. offentleglova § 32 første ledd. Etter forvaltningslova § 33 skal forvaltningsorganet ved klage sjølv vurdere saka på nytt, før ei eventuell klage og saksdokumenta vert sendt til oss som klageinstans for handsaming.

Statsforvaltaren minner om at krav om innsyn og klager over avslag på innsyn skal handsamast «utan ugrunna opphald», jf. offentleglova §§ 29 og 32.

Vi ber Høyanger kommune om å handsame klagen i tråd med gjeldande føresegner. Dersom kommunen kjem til at det ikkje er grunnlag for å ta klagen heilt eller delvis til følge, skal saka førebuast som klagesak og sendast til oss for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33.

Med helsing

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Epost m/vedlegg frå FAU Høyanger skule v/Jeanette Walsvik 14.12.2022

Kopi til:

FAU Høyanger skule v/Jeanette Walsvik